



- Eg gler meg mest til Syden-turen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Gustav Bergstø, ein av Uskedalens høgt respekterte fargeklattar, har runda 86. Det hindrar ikkje at han onsdag 3. januar legg ut på sitt livs lengste ferd – til Gran Canaria. Og det er ikkje nokon snartur – Gustaven kjem ikkje attende frå Sydens sol får det har gått to månader!

Han har vore to gonger i utlandet før. Den eine gongen var han han i Danmark og den andre i St. Petersburg. Den siste ferda var i samband med eit av dei mange prosjekta hans. For den kjente uskedelingen vil helst kallast gründar, og det er utan tvil også det mest korrekte. Han er den fødte idemakar, men det kjem vi attende til.

Korleis kan han så på ideen om å reisa til Syden?

- Eg hadde lese og høyrte om pensjonist-turane til Os-ordførar Terje Søviknes og tala om dei til Arne Vestli som plar kjøyra ei gruppa av oss til treff med servering på gamleheimen. Arne tende på ideen, og nå blir den til verkelegheit, med Arne som reiseleiar, fortel Gustav.

Arne har ordna det slik at dei to får leia ein leiligheit av ein venn av Arne frå Buskerud.

- Gler du deg eller gruer du deg, Gustav?

- Det varierer frå dag til dag, men eg gler meg mest. Eg skal kosa meg på stranda og har barbera meg slik at eg skal komma heim att solbrun på toppen.

- Du har funne på så mange ting gjennom livet – kva er du mest fornøgd med?

- Eg er mest fornøgd med at oppdrettslaksen si vogge sto på Varaldsøy og at eg stod ved vogga. Men heller ikkje på den oppfinninga vart eg rik. Eg kunne ha vore millionær, men eg har aldri hatt økonomisk sans. Mange gonger har eg ønskt meg pengar slik at eg kunne ha nådd fram til den ideelle løysinga på dette og hint.



- Eg har aldri hatt økonomisk sans. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Men oppdrettslaksen er noko omdiskutert....

- Det er ein stor diskusjon om vill-laks og oppdrettslaks. Eg trur ikkje at den eine øydelegg den andre. Det er og andre grunnar til at vill-laksen er utsett, ikkje minst forureininga.

- Du har og vore borti livbåtproduksjon?

- Eg var i landbruket til eg fylte 25, så gjekk eg over i industrien og arbeidde på ein fabrikk i Kristiansand der dei laga aluminiumslivbåtar. Der dreiv eg industrispionasje og lærte seinare opp dei på Omastrand til å laga slike båtar.

Eg minnest forresten spesielt den dagen på Omastrand då det vart meldt at Stalin hadde gått bort. Då kom Odd Oma med sigarar!

Men eg har jo også pusla med så mykje anna enn laks og båtar.

- Mange meiner at det skulle vori skreve ei bok om deg?
- Det er hyggeleg å høyra. Eg har enno ikkje fått noko eiga bok, men det står om meg i ei bok som ein Osland skreiv og som handlar om fleire pionerar, seier Gustav.

Og no dreg han altså på pionertur til solfylte strender ved kysten til Afrika. Det har han verkeleg fortent.

Av Ola Matti Mathisen